



Inge Morild
Washingtons vei 9
5019 BERGEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 18/1843 - 18/22327

Saksbehandlar:
Tone Margrethe Berland Furustøl
tone.furustol@lindas.kommune.no

Dato:
07.07.2018

Registrert feil/manglar på avløpsanlegg etter gjennomført slamtømming - gbnr 141/15 kvamme

Lindås kommune har 14.06.2018 motteke melding frå Norva24 om lågt nivå/lekkasje og skade på dykkar slamavskiljar i form av stor sprekk i botn av tank. I tillegg har vi motteke bekymringsmelding frå nabo om vond lukt frå dykkar eigedom.

Når det er fare for forureining i strid med lova eller vedtak i medhald av lova, skal den ansvarlege for forureininga sørga for tiltak for å hindra at forureining skjer. Når forureining har oppstått skal den ansvarlege sørga for å stansa, fjerne eller avgrensa forureininga, jf. forureiningslova § 7.

Lågt nivå/lekkasje og skade på slamavskiljaren i form av stor sprekk i botn, fører til at avløpet går ut i grunnen og fører til ureining. Avløpsvatnet kan og føre til ureining på andre eigedommar, samt føre til forureining av brønnar m.m. i området.

For å hindre vidare forureining og oppfylle krava i forureiningslova så må slamavskiljaren må byttast ut med ny godkjend forskriftsmessig tank. Inntil tanken er bytta ut, kan ikkje anlegget nyttast.

Frist for arbeidet vert sett 01.09.2018.

Dersom kommunen ikkje har mottatt skriftleg tilbakemelding innan fristen om at arbeidet er utført, vil kommunen vurdere å gje pålegg om utbetring, jf. forureiningslova § 7. Det vil samstundes bli vurdert å fastsetja tvangsmulkt, jf. forureiningslova § 73.

Dersom du meiner at opplysningane våre ikkje er rette, eller at det fins andre grunnar til at du ikkje har plikt til å utbetra lekkasjen i form av utskifting til godkjend forskriftsmessig tank, ber vi om at du tek kontakt med oss snarast mogleg og seinast innan fristen som er sett for utbetring av tilhøvet.

For å få skifte tank må du kontakte eit godkjent rørleggarføretak. Dersom ny tank skal setjast ned der eksterande tank står så treng du ikkje søkja om dette. Ny plassering av tank på eigdommen, krev søknad om løyve etter plan- og bygningslova.



Når lekkasjen er reparert må du fylla ut vedlagte tilbakemeldingsskjema for utført arbeid og returnera det til kommunen. Skjema sender du til

- postmottak@lindas.kommune.no eller
- Lindas kommune, Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Spørsmål i saka kan rettast til sakshandsamar på telefon 56 37 50 00 eller på e-post.

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Tone Margrethe Berland Furustøl
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Inge Morild

Washingtons vei 9 5019

BERGEN



LINDÅS KOMMUNE

Byggesak

TILBAKEMELDING OM UTFØRT ARBEID

Skjemaet skal sendast straks etter at avløpsleidningen/avløpsanlegget er utbetra til:
postmottak@lindas.kommune.no eller til Lindås kommune, Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø.

ArkivsakID: 18/1843
Gbnr: 141/15
Adresse:
Tiltak: Velg
Eigar/styrar/festar:

Skal fyllast ut av eigaren av anlegg/leidning:

Kort utgreiing om arbeidet:	
Arbeidet er utført av:	
Stad og dato:	Underskrift:

Vedlegg: Fotodokumentasjon på utført arbeid